

Støttefunksjon

Helse- og omsorgsdepartementet

Saka sendt berre som e-post

Vår ref:
2010/988243/2011/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
SVLA / 61217355
svein.rune.laingen@lom.kommune.no

Dato
18.01.2011

Høring - forslag til ny kommunal helse- og omsorgslov

Saksprotokoll i Formannskap - 18.01.2011

Vedtak

Lom kommune ser positivt på intensjonen og grunnlaget for samhandlingsreformen gjennom utsendt høyringsutkast til ny Folkehelselov og ny Lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Lom kommune ser det som heilt avgjerande at kommunane blir sett i stand til å gjennomføre oppgåvene som blir pålagt, og vil særleg forutsette tilstrekkeleg ressursoverføring. Dette gjeld både økonomi, kapasitet og kompetanse. Klargjering av dette i ei tidleg fase er heilt vesentleg og avgjerande for kommunane. Forutsigbarheit for ressurstilgang over tid er generelt viktig for kommunal tenesteproduksjon.

Lom kommune vil elles legge vekt på følgjande forutsetningar:

- det må utdannast tilstrekkeleg helse- og sosialfagleg personell med nødvendig kompetanse som imøtekjem etterspurnaden
- det er viktig at avtaleverket gjev kommunane handlefridom til organisering og tilrettelegging av oppgåver
- det blir forutsett tydeleg rolle- og ansvarsavklaring i grunnleggjande avtaler
- det må settast av naudsynt tid til realisering av reformen, med vekt på gradvis implementering i takt med gjennomføringsevne i kommunane

Lom kommune vil særskilt peike på to viktige tiltak som gjeld distriktskommunar. Dei er:

- etablering og utvikling av lokalmedisinske senter
- desentralisert tilrettelagte utdannings- og kompetansetilbod

Grunngjevinga for desse punkta er omfattande, men vi vil særleg nemne utfordringa med å rekruttere og halde på kompetent og nødvendig arbeidskraft, og at dette er særdeles viktig for å tilby og utvikle tenester med god kvalitet og tilgjenge i distrikta Samrøystes.

Postadresse
Midtgard
2686 Lom
E-post: post@lom.kommune.no

Besøksadresse
Midtgard

www.lom.kommune.no

Telefon
61217300
Telefaks
61217301

Bank
2085.07.00010
Org.nr
959377677

Med helsing

Svein Rune Laingen
Konsulent